



KOPI

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/302 - 17/1697

Saksbehandlar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
09.03.2017

Søknad om skjønsmidler til interkommunal kommunedelplan for Austfjorden

Masfjorden kommune viser til møte om interkommunal kommunedelplan for Fensfjorden som vart halde på Statens Hus den 21.februar 2017. Vidare vert det vist til drøftingar med Lindås kommune, som ønskjer at Masfjorden skal ta ansvaret for å organisere planarbeidet på vegne av begge kommunane. Lindås kommune ønskjer at Masfjorden kan ta ei leiarrolle i prosessen, og at kommunen vurderer om det skal hentast inn ekstern kompetanse til planarbeidet.

Målet med ein interkommunal plan for Fensfjorden er å få på plass ein juridisk bindande arealplan, som dekker begge kommunane sine sjøareal frå grense Gulen over til Mongstad og innover til Masfjorden og Austfjorden med Hindenesfjorden eventuelt Dalafjorden. Målet er å få ein god planprosess som sikrar ein langsiktig og god forvaltning av dette sjøarealet, og med vekt på å drøfta kva dette fjordsystemet toler av oppdrettsaktivitet, samt kor kommunane bør lokalisere framtidige lokalitetar for denne næringa.

Masfjorden kommune har drøfta behovet for ekstern fagleg støtte til å få gjort dette planarbeidet, og har kome til at ein ikkje har kapasitet til å gjera planarbeidet med egne ressursar. Ut frå dette konkluderer ein med at ein treng skjønsmidler på krone 300.000,- frå Fylkesmannen for at dette planarbeidet kan starte opp. Nedunder har ein skissert eit framlegg til budsjett med finansieringsplan:

Budsjett

Planmøter/ prosessamlingar	krone 20.000,-
Reiser og synfaringar	krone 15.000,-
Engasjering av eksternt plankonsulent	krone 315.000
<u>Administrativ eigeninnsats i Masfjorden kommune</u>	<u>krone 50.000,-</u>
Sum	krone 400.000,-

Finansieringsplan:

Skjønstilskot frå Fylkesmannen i Hordaland	krone 300.000,-
Tilskot frå Lindås kommune	krone 50.000,-
<u>Masfjorden kommune, eigeninnsats</u>	<u>krone 50.000,-</u>
Sum	krone 400.000,-

Masfjorden kommune ser for seg at så snart ein ser om finansieringa er på plass, vil ein kalla inn dei to andre partane (Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland) til drøftingsmøte, med føremål å laga planprogram for planarbeidet som skal gjerast. Då vil strukturen knytt til planprosses, innhald og styring verta avklart, samt kva rolle dei ulike aktørane, som har interesser i Austfjorden med omkringliggjande fjordar skal ha i planarbeidet.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 5914
20

ISDALSTØ

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Nordhordland utviklingsselskap IKS

Postboks 7310 5020
Kvassnesvegen 23, 5902
5914 Isdalstø

BERGEN
ISDALSTØ

KOPPI